
Saksnr: 2020/62405-1
Saksbehandlar: Gunhild Raddum

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Trafikktryggingsutvalet		28.09.2020
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		14.10.2020

Førespurnad frå Statens vegvesen om MC-Forum i fylkeskommunal regi

Forslag til innstilling

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet viser til *Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik på veg (2018 - 2021)* som gir Statens vegvesen eit særskilt ansvar for MC-trafikanter. Vestland fylkeskommune deltek gjerne i trafikktryggleiksarbeid retta mot MC-syklistar, men vurderer at ansvaret for trafikktryggleik bør ligge på nasjonalt nivå.
2. Fylkeskommunen tek ikkje på seg eigarskapet for MC-Forum i Vestland.

Samandrag

I oktober 2018 inngjekk Norsk Motorsykkelunion (NMCU) og Vegdirektøren ei samarbeidsavtale om trafikktryggleik, sjå vedlegg 1. Avtalen forplikta mellom anna partane til å samarbeide med fylkeskommunen om tiltak for å redusere ulykker med drepne og hardt skadde motorsyklistar. Tidlegare Hordaland fylkeskommune var aktiv i MC-Forum og deltok i arbeidet med lokale trafikktryggingstiltak. I brev datert 5. mai viser Statens vegvesen (SVV) til regionreforma og fylkeskommunen som vegeigar og ber fylkeskommunane ta ansvar for å etablere nye MC-forum, sjå vedlegg 2.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Rasmussen

Håkon

fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Tidlegare Hordaland fylkeskommune var frå hausten 2018 part i MC-forum saman med SVV, MNCU og politiet. Arbeidet i forumet var mellom anna kartlegging av utsette vegstrekningar og tiltak for å betre trafikktryggleiken, samt informasjon og gjennomføring av TS-dag i samarbeid med køyreskular. Bakgrunnen for samarbeidet var Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik på veg (2018 - 2021), som var inngått mellom NMCU og Vegdirektøren. Statens vegvesen ønskjer nå å overføre leiaransvaret for MC-forum til fylkeskommunane og grunngjev dette med regionreforma og at dei fleste MC-ulykker skjer på fylkesvegnettet. Fylkeskommunane har handtert denne førespurnaden ulikt. Nokre fylkeskommunar har akseptert ansvaret, mens andre vurderer at MC-forum framleis må vere i regi av SVV. Fleire fylkeskommunar har enno ikkje respondert. Svar frå Nordland fylkeskommune er lagt ved til orientering, sjå vedlegg 3.

Fylkesrådmannen er einig i at det bør vere eit auka fokus på å redusere talet på drepne og hardt skadde MC- syklistar. Denne trafikantgruppa er særskilt utsett for ulukker som kan relaterast til vegtilhøva, slik som grus, asfaltkantar, hol og rekkverk. Fylkeskommunen har eit vegeigaransvar, samt ansvar for å samordne tiltak og koordinere arbeidet med trafikktryggleik for alle trafikantgrupper. Dette ansvaret er lagt til trafikktryggingsutval (FTU), og tiltak retta mot MC-syklistar inngår også i dette samarbeidet.

Fylkesrådmannen meiner tiltak som særskilt er retta mot MC-syklistar må vere overordna og fokusere på tiltak som famnar breidt, uavhengig av vegeigar. Etter veglova § 10 har Statens vegvesen eit særskilt ansvar for samfunnstryggleik og beredskap på vegnettet. Vidare er det Statens vegvesen som har forplikta seg til å særskilt arbeide med trafikktryggleik for MC- syklistar gjennom avtalen som er inngått med NMCU. Denne avtalen gjeld ut 2021, og fylkesrådmannen kan vanskeleg sjå at det er riktig å overføre ansvaret til fylkeskommunane i løpet av avtaleperioden. Fylkesrådmannen vurderer det som riktig at Statens vegvesen held fram drifta av MC-forum, og vil gi tilbakemelding til SVV om at Vestland fylkeskommune ikkje tek på seg dette ansvaret.

Vedtakskompetanse

I gjeldande «Reglement for folkevalde organ og delegering» (vedtatt i oktober 2019 i fylkestinget) har Hovudutval for samferdsel og mobilitet eit særskilt ansvar for fylkesvegnettet, og fråsegn til aktuelle saker og tema innan sitt saksfelt.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Personalressursar

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Fokus på trafikktryggleik vil ha positiv effekt.

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesrådmannen viser til Veglova § 10 og avtalen som er inngått mellom NMCU og Vegdirektøren. Vestland fylkeskommune deltek gjerne i arbeidet med trafikktryggingstiltak retta mot MC-syklistar, men vi meiner det overordna ansvaret for MC-Forum og bør ligge hos SVV.

Vedlegg:

1: Avtale inngått mellom NMCU og Vegdirektøren

2: Brev frå statens vegvesen datert 5. Mai

3: Svarbrev frå Nordland fylkeskommune